

Blanda av Røyserett for alle

10.03.2016



Glimrah

All æra til vårt gode kor Røyserett for alle, men konserten i kyrkja ikveld vart ikkje heilt slik vi hadde venta oss. Det vart rett og slett for mykje hummer og kanari sjølv om det også var gode og nye innslag, til dømes Folk i husan og Liten fugl med plystreinnslag. Imidlertid saknar vi framleis Vårsøg som er sjølve vårsalma!

Men det er imponerende og understrekar solid popularitet at det kjem over 100 på ein torsdagskveld. Men om vi skulle operere med terningkast kom vi nok ikkje høgare enn til 3 organisatorisk fordi det var altfor mykje rot i marknadsføringa med til dømes fleire klokkeslett. Og det var ikkje program å få i kyrkja. Musikalsk ville vi derimot vore oppe i 5.

Det ville vore førteit pluss for ekstrainnslaga til gruppa Glimrah og trubaduren Tor Ivar Hellesøy. Den siste er ein svært lovande kar.

Og som venta var det nye og ikkje så godt kjende innslag frå den rike svenske viseskatten. Men det var i Halleluja koret nådde lengst sangleg sett



Tor Ivar Hellesøy er ein lovande trubadur.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen